

Utval: **Ungdommens fylkesutval**
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckels gate 5
Dato: 06.05.2019
Tidspunkt: 16:00-19:20

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Sander Molland	Medlem	
Oda Medhus	Leiar	
Ida Heggland	Medlem	
Lisa Haugland Bøthun	Nestleiar	
Morten Stokke	Medlem	
Ludvik E. Gjerde	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Kjersti Helene R. Hidle	Medlem	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Åsmund Bergo Aarvik	Kjersti Helene R. Hidle	
Susanne Sørli Slettebakken		
Mia Holdhus		
Ida Johanne Andersen Flatnes		
Emil Øvretveit		

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Silje Lyngstad	Møtesekretær/rådgjevar

Silje Lyngstad
Møtesekretær

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 39/19	Godkjenning av innkalling		
PS 40/19	Godkjenning av saksliste		
PS 41/19	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 42/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 17/19	Oversikt økonomi per. 31.03.2019	2014/560	
PS 43/19	Ymse		
PS 44/19	Oversikt over ungdomsråd per 15.04.2019	2014/560	
PS 45/19	Innkjøp av profileringsartiklar til Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 46/19	Høyringsinnspel til UKMs strategiplan 2020-2024 - Kulturpolitikk for barn og unge - Kva skal vi oppnå?	2014/560	
PS 47/19	Evaluering av Dialogdagen 08.04.2019	2014/560	
PS 48/19	Møtedato vår 2019 og høst 2019	2014/560	

PS 39/19 Godkjenning av innkalling

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 06.05.2019

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

PS 40/19 Godkjenning av saksliste

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 06.05.2019

Sakslista vart godkjend utan merknader.

PS 41/19 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 06.05.2019

Møteboka frå 22.03.2019 vart godkjend utan merknader.

PS 42/19 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 06.05.2019

RS 17/19 vart referert.

PS 43/19 Ymse

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 06.05.2019

Orienteringar

- Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland v/ Ørjan Sælesminde, fylkeskoordinator, og Synnøve Kvamme, fylkessekretær Naturvernforbundet.
- Internasjonalt arbeid i HFK – Erasmus + v/ Barbara I. Harterink, seniorrådgjevar regionalavdelinga.

Invitasjonar

- Invitasjon til ungdommens fylkesutval frå PlanUngdom om å delta på helgecamp 30. august – 01. september for ungdom mellom 13 og 19 år. Ungdommens fylkesutval slutta at Susanne Sørli Slettebakken, Oda Medhus, Sander Moland, Ludvik E. Gjerde og Emil Øvretveit deltek so framt det er plass.
- «Fremtidens Europa – hva slags Europa vil ungdommen ha – Unge vil bli sett og hørt når Europas (demokrati)utfordringer skal løses». Ungdommens fylkesutval slutta at Emil Øvretveit deltek på arrangementet som representant frå UFU.
- Clue to Inclusion – ressursgruppe HFK. Tidlegare nestleiar i UFU Anna Elisabeth Øyrehaugen Akselvoll har vore medlem av denne gruppa. Ungdommens fylkesutval slutta at Emil Øvretveit er ny representant frå UFU.

PS 44/19 Oversikt over ungdomsråd per 15.04.2019

Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesutval oppdaterer vedlagt liste i tråd med dagens situasjon.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 06.05.2019

Røysting

Forslaget frå administrasjon vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval oppdaterer vedlagt liste i tråd med dagens situasjon

PS 45/19 Innkjøp av profileringartiklar til Ungdommens fylkesutval

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 06.05.2019

Oda Mehus sette fram slikt forslag:

«Administrasjon kjem tilbake med prisoverslag på dei profileringartiklane Ungdommens fylkesutval vedtek i møte. Desse vil presentert til utvalets neste møte. Det gjeld likevel ikkje forslag satt fram av Ida Heggland».

Åsmund Bergo Aarvik sette fram slikt forslag:

- (a) «Ungdommens fylkesutval kjøper inn kondomer med trykk til utdeling og promotering av utvalet».
- (b) «Ungdommens fylkesutval kjøper inn klistermerker med logo til promotering».

Sander Molland sette fram slikt forslag:

«Ungdommens fylkesutval kjøper inn paraplyar pga. været i Bergen og god reklame».

Morten Stokke sette fram slikt forslag:

«Ungdommens fylkesutval kjøper inn drikkeflasker til medlemmers bruk som skaper interesse og nysgjerrighet».

Ida Heggland sette fram slikt forslag:

«Ungdommens fylkesutval bruker opp mot kr. 3000 på reklamering på Instagram og Facebook».

Røysting

Medhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Bergo Aarvik sine forslag a og b vart samrøystes vedteke.

Molland sitt forslag vart vedteke mot tre røyster.

Stokke sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Heggland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Administrasjon kjem tilbake med prisoverslag på dei profileringartiklane Ungdommens fylkesutval vedtek i møte. Desse vil presentert i utvalets neste møte. Dette gjeld likevel ikkje forslag satt fram av Ida Heggland.

Ungdommens fylkesutval kjøper inn kondomer med trykk til utdeling og promtering av utvalet.

Ungdommens fylkesutval kjøper inn klistermerker med logo til promtering.

Ungdommens fylkesutval kjøper inn paraplyar pga. været i Bergen og god reklame.

Ungdommens fylkesutval kjøper inn drikkeflasker til medlemmers bruk som skaper interesse og nysgjerrighet.

Ungdommens fylkesutval bruker opp mot kr. 3000 på reklamering på Instagram og Facebook.

PS 46/19 Høyringsinnspel til UKMs strategiplan 2020-2024 - Kulturpolitikk for barn og unge - Kva skal vi oppnå?

Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesutval gjer slikt innspel til UKM innan fristen 15.05.2019 ...

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 06.05.2019

Oda Medhus sette fram slik forslag:

«Ungdommens fylkesutval sine representantar for kultur, idrett og regional utvikling får fullmakt til ta stilling til om det skal sendast inn innspel til UKMs strategiplan 2020-2024 på vegne av UFU».

Røysting

Medhus sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval sine representantar for kultur, idrett og regional utvikling får fullmakt til ta stilling til om det skal sendast inn innspel til UKMs strategiplan 2020-2024 på vegne av UFU.»

PS 47/19 Evaluering av Dialogdagen 08.04.2019

Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesutval meiner dette var bra med Dialogdagen:

Ungdommens fylkesutval meiner dette kunne vore betre med Dialogdagen:

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 06.05.2019

Saka blei diskutert på eit generelt grunnlag utan at det blei satt fram forslag:

Ungdommens fylkesutval meiner dette var bra med Dialogdagen:

- Bra at det var ein dialog som skapte ein lavterskel for å snakke med både administrasjon og politikarar.
- Veldig greit med tips til korleis ein kan komme i kontakt med administrasjon.
- Veldig mye god informasjon av politikarar. Blei invitert til å presentere seg av politikarar til utvalsmøter.
- På eigen organisasjon var det veldig kjekt med ein ung politikar med mykje profileringserfaring.
- Var bra at det var delt inn i ulike utval. Det hadde blitt for generelt viss det hadde vore eit felles opplegg.

Ungdommens fylkesutval meiner dette kunne vore betre med Dialogdagen:

- Eigen organisasjon: skulle ønskje at det var meir av sosiale mediar-opplæring.

PS 48/19 Møtedato vår 2019 og høst 2019

Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesutval finn møtedatoar for juni og august.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 06.05.2019

Oda Medhus satte fram slikt forslag:

- (a) «Ungdommens fylkesutval har sitt neste møte 03. juni kl. 15.00. Utvalet eter felles middag etter møtet».
- (b) «Ungdommens fylkesutval vil halde eit helgemøte i 16.-18. august på Gjerskvål på Voss».

Røysting

Medhus sine forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval har sitt neste møte 03. juni kl. 15.00. Utvalet eter felles middag etter møtet.

Ungdommens fylkesutval vil halde eit helgemøte i 16.-18. august på Gjerskvål på Voss.